


Trollkrittet

Jon hadde eit krit. Eit heilt vanleg krit.
Trudde han.
Han teikna med krittet på eit gjerde.
Han teikna ein gut.
Det rare var at guten blei levande.
Han hoppa ut frå gjerdet.
«God dag, eg heiter Sofus,» sa han.
Jon sa dei kunne vere venner.
Jon teikna hovudet til ein kanin.
Sofus sa han ikkje likte kaninar.
Jon viska bort kaninen.
«Teikn ein stor port!» sa Sofus.
Jon teikna ein stor port.
Porten blei verkeleg.
Dei opna porten.



Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 85.
Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4 og 5.